



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2016/8842-2

Vår ref  
16/1526-

Dato  
02.11.2016

**Nedleggjing av billettkontora på Geilo, Finse og Voss - Uttale -**

Me viser til dykkar brev mottatt 22. september i høve nedleggjing av det betjente billettsalet på Geilo, Finse og Voss stasjon.

Samferdselsdepartementet opplever at NSB si avgjerd om å leggje ned desse betjente billettkontora er tatt etter ei heilskapsvurdering, der også beredskapen på stasjonane så vel som om bord på toga er vurdert. Det har i tida etter at NSB gjorde det kjent vore eit særskilt fokus på Finse stasjon, då denne stasjonen skil seg ut frå resten ved å vere veglaus og spesielt utsatt for ver og vind. I tillegg har dei to NSB medarbeidarane ved billettkontoret på Finse hatt ei rekke oppgåver på stasjonen i tillegg til å selje billetter. Det har difor kome ei rekke spørsmål kring kven som no vil ivareta desse oppgåvene.

Som ansvarleg for stasjonsområdet, og informasjonen ut til dei reisande på stasjonsområdet, har Jernbaneverket sytt for at ei rekke av oppgåvene NSB sine medarbeidarar ved stasjonen tidligare ivaretok vil bli ivaretatt også no etter at NSB sitt billettkontor er lagt ned. Dette gjeld oppgåver som blant anna reinhald, rydding, strøing og snømåking, skifte av rutetabellsplakatar med meir. Jernbaneverket har avtale med Finse 1222 om innlosjering og forpleiing i ein krise- og beredskapssituasjon. Finse 1222 har difor alltid personale på Finse, også når hotellet er stengt. Jernbaneverket har stor merksemd retta mot å ivareta sine beredskapsfunksjonar langs jernbanelinja og på stasjonane – og det er som kjent stasjonert ein eigen snøkoordinator med døgnvakt på Finse i perioden 1. desember og mot slutten av april. I tillegg har toga på Bergensbanen den seinare tida fått ekstra utstyr om bord, og NSB sine

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
<http://www.sd.dep.no/>

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 904

Kollektivtransport- og  
baneavdelingen

Saksbehandlar  
Evelyn Amland  
22248303

tilsette har god opplæring og er dermed godt rusta om noko skulle skje. Nødetatane og Raudekrossen har også ordningar tilknytt området. I tillegg har Telia nyleg bedra basestasjonen ved Finsehytta, slik at det no er 4G-dekning i området.

Vi meiner at med tiltaka som er iverksatt, vil Finse stasjon også i framtida vere ein trygg og fin stasjon å kome til og å opphalde seg ved.

Med helsing

Cecilie Taule Fjordbakk (e.f.)  
avdelingsdirektør

Evelyn Amland  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*